



Sykkylven kommune
Kyrkjevegen 62
6230 SYKKYLVEN

Deres ref:	Deres dato:	Vår ref:	Vår saksbehandler:	Dato:
		24/13053 -	Ingeborg Forseth - 712 80 155	28.10.2024
		24/153616		

Sykkylven kommune - detaljregulering - reguleringsplan Aursnes industriområde - trekk av motsegn

Fylkeskommunen utgjør det regionalpolitiske nivået i det norske styringssystemet. Fylkestinget er øvste mynde.

Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvalting, naturressursforvalting og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.

Fylkeskommunens planverk er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.

Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av regionalt planforum. Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentleg ettersyn.

INNLEIING

Saka gjeld ved 1.gongs høyring og offentleg ettersyn av detaljregulering Aursnes industriområde så hadde Møre og Romsdal fylkeskommune i si fråsegn 06.05.2024 motsegn. Motsegn var knytt til rekkjefølgjekrav i planen, og at krysset fv.60 og Naustvegen skal vere utbetra i tråd med krava i N100 før det blir gjeve løyve til tiltak innanfor planområdet som fører til auke i trafikk i krysset.

MERKNADER TIL PLANFORSLAGET

Samferdsel

Møre og Romsdal fylkeskommune sett rammer for planlegging, og det vil vere konsulent si oppgåve å planlegge innanfor disse rammene. Vi forutsett derfor at løysinga som er presentert i trafikknotatet er i tråd med N100 og at køyremåte A er ivareteke. På bakgrunn av dette vil vi kunne trekke motsegnet vi hadde ved førre høyringsrunde dersom rekkefølgekravet som er foreslått av konsulent og vist til i brev frå Sykkylven kommune datert 16.10.2024 blir teke inn i føreseгна.

Gjennomføringsavtale

Før planen kan realiserast, må Møre og Romsdal fylkeskommune kontaktast for å avklare roller og ansvar knytt til bygging langs fylkesvegen, og om det er behov for å inngå ein gjennomføringsavtale for å regulere dei nemnde forholda. Send førespurnad til post@mrfylke.no med følgande emne «24/13053 Gjennomføringsavtale».

KONKLUSJON

Møre og Romsdal fylkeskommune trekk sitt motsegn, og ber elles om at merknad ovanfor blir tatt omsyn til.

Med hilsen

Ingunn Bekken Sjøholm
seksjonsleiar

Ingeborg Forseth
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Fagsaksbehandlar:

Samferdsel: rådgivar Eirin Husby Frey, tlf. 71 28 00 42